



Frode Kjærland
Banktjørnhaugen 17
5210 OS

Saksbehandlar, innvalstelefon
Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

Tilsegn om tilskot til tiltak for truga naturtypar - Skjøtsel av slåttemark - Havrå - Frode Kjærland - Osterøy kommune - 2023

Frode Kjærland får tilsegn om 14.000 kroner til skjøtsel av slåttemark på Havrå. Tilskotet vert betalt ut på grunnlag av motteken rapport. Det er knytt vilkår til tilskotet.

Innleiing

Vi viser til søknad om 14.000 kr til skjøtsel av slåttemark på Havrå.

Regelverk

Ordninga med tilskot til truga naturtypar er heimla i forskrift om tilskot til trua naturtypar. Føremålet med ordninga er å bidra til å ta vare på trua naturtypar slik dette er definert i Norsk raudliste for naturtypar, jf. forskrifta § 1. Grunneigarar, privatpersonar, frivillige organisasjonar, kommunar, verksemdar og institusjonar kan mellom anna få tilskot til:

- skjøtsel og vedlikehald
- tilpassa bruk på areal som inngår i drifta av landbruksforetak
- gjerding
- kartlegging og overvaking i tilknytning til tiltak.

Søknader om tilskot til tiltak for dei utvalde naturtypane og dei trua naturtypane som er høgast prioriterte (gruppe 1) i oppfølgingsplanen for trua natur, skal ifølgje retningsliner frå Miljødirektoratet prioriterast. Det same gjeld tiltak der kunnskapsgrunnlaget er godt.

Når forvaltninga tildeler tilskot gjeld prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 som retningsliner ved avgjerda. Vurderinga av miljørettsprinsippa skal kome fram i grunnjvinga.

Vår vurdering

Statsforvaltaren har motteke søknadar om tilskot til tiltak for trua naturtypar med samla søknadssum langt større enn midlane vi har til rådvelde. Vi har difor vore nøydde til å prioritere.



Slått av innmarka er eit viktig element av forvaltingsplan/skjøtselsplan for området som er utarbeidd for Havrå som Utvald kulturlandskap, og beløpet som det blir søkt om samsvarar med dei satsane vi har sett opp for skjøtsel av slåttemark.

Du får derfor tildelt 14.000 kroner til prosjektet. Midlane blir overførte til kontonummeret som var oppgjeve i søknaden når vi har mottatt sluttrapport for at arbeidet er gjennomført.

Det er viktig at tiltaka blir gjennomførte i samsvar med skjøtselsråda i forvaltingsplanen. Mellom anna vil det seie:

- Helst både vår- og haustbeite.
- Sein slått av heile arealet.
- Fjerning (vekkraking) av alt graset etter at det er slått.
- Ingen tilførsel av kunstgjødsel/gylle og berre forsiktig tilførsel av dyremøkk. Dyremøkk må ikkje leggjast ut i klumpar, men knusast og fordelast fint ut over engene.

Tiltaket er i samsvar med skjøtselsplan og tilrådd skjøtsel for naturtypen, og inneber ikkje risiko som tilseier at dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova § 8 - 12 treng nærare kommentar.

Avgjerd

Du får med dette tilsegn om 14.000 kr slik det er søkt om. Pengane vert utbetalte basert på rapportering frå deg.

Standardvilkår

- Sluttrapport skal leggjast inn i elektronisk søknadssenter innan 1. oktober inneverande år.
- Dei som er rekneskapspliktige etter rekneskapslova, skal ta vare på bilag i minst fem år etter avslutning av rekneskapsåret.
- Riksrevisjonen og Statsforvaltaren har rett til å føre tilsyn med at tilskotet vert nytta i samsvar med føresetnadane.
- Tilskotet kan krevjast heilt eller delvis attende dersom tiltaket ikkje er gjennomført etter føresetnadane i søknaden.

Klage

Vedtaket om tilskot kan klagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteke. Ein eventuell klage skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Du har rett til å gjere deg kjend med dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18 og 19.

Med helsing

Johannes Anonby
seniorrådgjevar

Solveig Kalvø Roald
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Osterøy kommune

Postboks 1

5293

LONEVÅG